| 19 | Fjell festning/Museum vest og Fjell Turlag. | Gjere toalett ved Fjell festning tilgjengeleg for publikum | Fjell | 60 000 | 20 000 | 0 | Museet legg til rette og ryddar klart til arbeid. 2.000 Noko elektrisk arbeid kan utførast på museet.5.000 Låsmontør/automat:30.000 - 40.000 elektrikar: 5.000 | Hovudmålet med prosjektet er å gjere toalettet knytt til Fjell festning tilgjengeleg for alle turgåarar i området. Dette skal gjerast ved å montere myntautomat/Låsesylinder/materiell | Tiltaket omhandlar tilgjengeleggjering av toalettbygg. Tiltaket vert ikkje prioritert. |
| 20 | Fjell kommune | Kanoer til friluftsplassen Larslivatnet | Fjell | 67 500 | 40 000 | 25 000 | Hordaland fylke kr. 40.000 Fjell kommune kr. 27.500 Egeninnsats ikke nødvendig | Fjell kommune har kjøpt eit 2 mål stort område ved Larslivatnet som ligg ved den nye turvegen mellom Foldnes og Hjelteryggen. Søker om tilskot til kjøp av kanoar som skal vere tilgjengeleg for alle. Utlån administrerast av Fjell kommune. . | Lokalt friluftslivstiltak som legg til rette for det enkle friluftslivet med overføringsverdi. |
| 21 | Fjell, Sund og Øygarden kommuner | Sommeraktivitetar for barn og ungdom - Sommer i Vest | Fjell, Øygarden, Sund | 59 000 | 22 000 | 15 000 | Søknadssum 22000,- Egen midler 8000,- Kommunale midler 5000,- Deltakeravgift 16000,- Dugnadsinnsats 8000,- | Tiltaket gjeld sommaraktivitetar og Friluftslivscamp i Fjell, Sund og Øygarden. Aktivitetar som spenner frå dans, fotogrupper, klatring, skyting, bading. 3 dagers camp på Hitsøy hvor ungdommar/barn vil oppleve friluftsliv saman med kulturinformasjon. Tiltaket omfattar og barn som er innunder barnevernet i kommunane og gjennom samarbeid med politiet får tiltaket inn "utsatt" ungdommar på 5 av 20 plassar. | Fokus på det enkle friluftsliv med stor overføringsverdi til andre prosjekt. |
| 22 | Friluftsrådet Vest | TellTur 2015 | Sunnhordaland | 60 000 | 25 000 | 25 000 | Dugnad: 5000 Tilskot RFK: 25000 Tilskot HFK: 25000 Eigne midlar: 5000 | I TellTur registerer turgåarar turane sine elektronisk og er med i konkurransar om å nå flest turmål i løpet av sesongen. Prosjektet vart ein suksess i fjor, med 300 brukarar av systemet. I år vil TellTur utvide til å omfatte omlag 100 turmål i 12 medlemskommunar. | Lågterskelaktivitet som eignar seg for alle aldre. Tiltaket er utvida med tal turar og kommunar frå i fjor. |
| 23 | Friluftsrådet Vest | Oppgradering av servicebygg i Sponavika, Stord | Stord | 90 000 | 40 000 | 0 | Hordaland fylkeskommune: 40 000 Friluftsrådet Vest: 50 000 | Sponavika er eit bade- og rekreasjonsområde med kort avstand til buområda ved Leirvik, Stord. Friluftsrådet vil gjerne oppgradera servicebygget med tre toalettrom til ein betre standard, med ny innreiing og nytt sanitærutstyr. | Tiltak gjeld oppgradering av toalett. Liten overføringsverdi til andre. Tiltaket vert ikkje prioritert. Kan søkje tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv (spelemidlar) |
| 24 | Friluftsrådet Vest | Oppgradering av tilkomstveg Osnes, Etne | Etne | 100 000 | 40 000 | 0 | Hordaland fylkeskommune: 40 000 Friluftsrådet Vest: 60 000 | Osnes friluftsområde er eit tur- og rekreasjonsområde i Etne. Her har det vore problem med tilkomstvegen frå parkeringsplassen og inn i området. Friluftsrådet vil oppgradera vegen med ny drenering, nytt berelag og toppdekke. | Tiltaket blir vurdert som drift. Tiltaket vert difor ikkje prioritert . |
| 25 | Friluftsrådet Vest | Oppgradering av Vedvika friluftsområde, Bømlo | Bømlo | 70 000 | 40 000 | 0 | Hordaland fylkeskommune: 40 000 Friluftsrådet Vest: 20 000 Dugnad: 10 000 | Vedvika friluftsområde er eit tur-, bade- og båtutfartsområde ved Langevåg, Bømlo kommune. Området treng ei generell oppgradering av tilkomst og strandområde, samt rydding av vegetasjon. | Tiltaket blir vurdert som drift. Tiltaket vert difor ikkje prioritert . |
| 26 | Friluftsrådet Vest | Ordførarens tur | Sunnhordaland | 120 000 | 30 000 | 30 000 | Dugnadsinnsats 20000 Tilskudd Rogaland FK 40000 Egeninnsats 20000 Egne midler 10000 Omsøkt tilskudd HFK 30000 | Friluftsrådet Vest vil arrangere apne turar og invitere ordførarane til å lede an slik at dei kan vise fram sine naturskattar for innbyggarane og tilreisande. Ikkje alle turmål treng å vere på fjelltopper. Kyst- og skogsstier som endar opp ved ein bålplass eller ei dagsturhytte kan vere flotte turmål og ein god sosial arena der folk kan møtast. | Tiltaket har overføringsverdi til andre og har fokus på nærfriluftsliv. |
| 27 | Fusa kommune/ Fusa turlag | Turbokkasser til høgfjellet | Fusa | 39 150 | 25 750 | 25 000 | Eigeninnsats montering kr 11.400 Tilskot Fusa kommune kr 2.000 Søknad HFK | Kjøpa inn og setja opp nye turbokkassar på steinvardar i høgfjellet i Fusa. Kassane vert utstyrt med enkel informasjon om turmålet på innsida lokket og Qr kode med lenke til turinformasjon på Internett. | Turmål informasjon og Qr kode med lenke er nye ativitetsfremmande tiltak med overføringsverdi til andre kommunar og turlag. |
| 28 | Fusa turlag | Kayakglede for barn | Fusa | 68 000 | 34 000 | 30 000 | Tilskot Hordaland fylkeskommune: kr 34.000 Eigne midlar Fusa Turlag: 6.100 Søknad til Fusa kraftlag: kr 5.000 Kursavgift: kr 4.000 Eigeninnsats: 18.900 | Fusa har gode høve for friluftsaktivitetar både i fjorden og i ferskvatn. Kajakk har vorte særs populært blant barn under opne arrangement. Det er eit ønskje å tilby kajakkurs for barn. Flyktningar frå Syria som har flytta til Fusa får tilbod om å delta gratis. Kajakkane er til gratis bruk for alle i kommunen. | Tiltaket vert vurdert som god tilrettelegging for aktivitetsfremmande tiltak i lokalmiljøet med overføringsverdi til andre kommunar. |
| 29 | Folkelig | Gategym | Bergen | 54 000 | 30 000 | 0 | Reiser møter og kurs: 2 pers 2 dager i mnd. 3 mnd =24000 tilskudd: 30000 | Målet for Gategym er å senke terskelen for å vere i fysisk aktivitet. Aktivitetane har fokus på leik og enkle, alternative styrkeøvingar. Aktiviteten finn stad i parkar, tun og ulike nærmiljøanlegg, og det brukast enkelt utstyr som tau, ball, kjegler osv. | Tiltaket er ikkje søknadsberettiga då dei er under eit A/S. |
| 30 | Gutta På Tur. Bremnes. i BØMLO | Kvilebenker i turløyper. | Bømlo | 22 900 | 22 900 | 10 000 | Av eigen kapital:Innkjøp og framkjøring av kvilebenker og bord. Kr 22.900,00 Eigeninnsats/dugnad Kr 2.400,00 | I samarbeid med Bremnes Idretslag har Gutta På Tur som mål å få personar som er i ein rehabliterings fase (hjarteoperert)og familiar med barn til å gå ut i naturen og dei turlaypane som er i dette området. | Tiltaket legg til rette for det enkle friluftsliv i nærområdet, med overføringsverdi til andre. |
| 31 | Hordaland Natur og Ungdom | På tur for natur | Hordaland | 10 000 | 10 000 | 0 | Prosjektet vil bli gjennomført utan tilskot, men i mindre skala. | Hordaland Natur og Ungdom vil gå på enkle dagsturar til forskjellige områder med spennande natur, og har alltid med ein fagperson som kan fortelle om dette områdets eigenart. Målgruppa for prosjektet er ungdom fra 13-20 år. | Tiltaket vert ikkje vurdert til tilrettelegging for enkle friluftsliv i nærmiljøet i stor nok grad samenlikan med fleire andre søknadar. Tiltaket vert difor ikkje prioritert denne gong. |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 32 | IL Kvernbit | Mjåtveitvassdraget | Meland | 102 237 | 40 000 | 0 | Tilskot Hordaland fylke 40 000 Tilskot Meland kommune 10 000 Eigne midlar 4 237 Dugnad 48 000 | Utbetring av tursti saman med merking og skilting i området rundt Fossemyra idrettspark. Målgruppa er alle i nærmiljøet, men og vaksne med mindre barn som ventar på at treningar skal bli ferdig. | Tiltaket vert vurdert som drift. Tiltaket vert difor ikkje prioritert. Merking og skilting kan søkast gjennom turskiltprosjektet |
| 33 | Kalandseid IL | Digital registrering av turgåere - turstier på Kalandseid | Bergen | 80 000 | 40 000 | 20 000 | 40.000 Tilskot Hordaland Fylke 22.000 Tilskot frå andre 18.250 Eigne midlar/dugnad | Kalandseid IL skal erstatte bruk av bøker for registrering av besøk på turstiane, med ei ny digital løysing. Idrettslaget organiserar allereie konkurranser om bruk av turstiane, med premier til dei som oftast registrerar seg. Statistikk legges fortløpende ut på klubbens hjemmesider. | Tiltaket er aktivitetsfremmande med overføringsverdi til andre. |
| 34 | Kanarvikmila/aks-77 | Meistring og oppleving | Lindås | 82 000 | 40 000 | 20 000 | Tilskudd HFK kr.40.000 Eigeninnsats kr. 10.000 Sponsormidlar kr. 32.000 | Fornying/oppgradering av treningsapparat i ei opparbeidd aktivitetsløype på ca. 1.8km med lys, som gjer at løypa kan brukast heile året. Vi vil gje tilbod om kurs i bruk av apparata til alle som har behov for dette. Apparata vil vere tilgjengeleg om lag 16 timar i døgnet, året rundt. Gratis bruk. | Nærmiljøtiltak som vert tilbod til alle |
| 35 | Kleppe grendalag | Aktivitetsløype på Kleppe | Austevoll | 161 000 | 40 000 | 20 000 | Egeninnsats og egne midler: 81 000,- Gjensidigestiftelsen: 40 000,- Hordaland Fylkeskommune: 40 000,- | Tiltaket går ut på å rydde ein 700 m lang sti. Det settes opp 12-16 aktivitetspostar med tilhørande skilt med forklaring på korleis man kan gjere øvelsar på posten. Alle postane lagast av tømmerstokkar og tau. | Rydding av sti vert ikkje prioritert. Postane er aktivitetsfremmande tiltak Aukar opplevings-verdien av området for alle aldersgrupper. |
| 36 | Kvamskogen Næringslag | Turløyper Kvamskogen, bru Tverrbekken | Kvam | 162 500 | 40 000 | 0 | Eigne midlar kr. 52.500 Eigne arbeid kr. 50.000 Momsrefusjon ca 60 % kr. 20.000 Fylkestilskot kr. 40.000 | Kvamskogen har ca 60 km med vinterpreparerte turløyper, noko som dei 2500 hytte- og campingvogneigarene nyttar kvar dag om vinteren, samt dagsturistane frå Bergensområdet. Det er difor stort "trykk" på turløypene desse dagane, og det er viktig at sikkerheita vert ivareteken, bl.a. med sikre bruer over elvar og bekker. Dei ønskjer å lage ei bru over Tverrbekken i Kvamskogen. | Tiltaket omhandle ikkje nye aktivitetsfremmande tiltak i nærmiljøet, og har ikkje overføringsverdi til andre. Dei kan søkje tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv (spelemidlar) |
| 37 | Løvstakken Frivilligsentral | Løvstien familieturer | Bergen | 7 500 | 7 000 | 5 000 | Turleiarar(Frivillig innsats) 0 kr Marknadsføring (eigeninnsats) 500 kr Tilskot: 7000 kr | Løvstien familieturer er eit lite prosjekt for å støtte opp om Friluftslivslivets år, og for å gjere stas på den nye flotte Løvstien gjennom å arrangere/invitere til lågterskelturar for alle aldersgrupper, med eit lite felles måltid. | Lågterskel og aktivitetsfremmande tiltak |
| 38 | Meland kommune med frivillige/ grunneigarar | Øvre Fosse - Krossfjellet | Meland | 74 908 | 32 000 | 0 | Dugnad 37 440 Søknad 32 000 Eigenfinansiering 5 468 | Meland kommune søkjer om midlar til å oppgradere stien på Øvre Fosse på Krossfjellet.. Målgruppe heile øya og nabokommunar. Vil passe for dei fleste turgåarar. | Dette sjåast på som drift av turveg. Tiltaket vert ikkje prioritert. |
| 39 | Museum Vest - avd. Herdla | Utkikksplattform -fuglane på Herdla | Askøy | 70 000 | 30 000 | 15 000 | Stønad frå HFK: 30 000 Stønad, Fylkesmannen i H.: 10 000 Eigeninnsats, arbeid: 30 000 | Plattforma er tenkt plassert på Herdla fort, på toppen av skrenten ned mot Prestvika, der fuglereservatet ligg. Frå plattforma vil ein få godt innsyn mot området. Det er ein horisontal plattform som følgjer skrenten, noko som god tilgang for alle brukarar, også rørslehemma. | Universell utforming vil gjere det meir tilgjengeleg for alle. |
| 40 | Museum Vest - avd. Herdla | Bli kjent med fuglane på Herdla | Askøy | 22 000 | 8 000 | 0 | Kostnad, museet: 8 000,- Søknad fond, Norsk ornit. for. 6 000,- Stønad, Hordaland fylkeskommune: 8 000,- | Utstyret vil vera del av ein utstyrsbank knytt til fuglelivet på Herdla. Dette er aktuelt i samband med guida turar som museet står for i samarbeid med Herdla Fuglestasjon. Gjennom ei ny formidlingsstilling f.o.m. sommaren 2015 vil museet satsa ytterligare på denne type formidling retta inn både mot skular og mot ordinere besøkande. | Liten overføringsverdi. Tiltaket vert ikkje prioritert. |
| 41 | Museumssenteret i Hordaland | Vetlejordsløa | Vaksdal | 60 000 | 40 000 | 30 000 | Vaksdal kommune kr 10000,- Museumssenteret i Hordaland 10000,- Hordaland Fylkeskommune kr 40000,- | Vetlejordsløa ligg rett ved "Den grøne sløyfa" i Eksingedalen. Planen er å sette i stand og innreie løa med benkar/briskar og grue/ bål-panne slik at turgåarar, syklande fiskarar, skular, barnehagar og andre kan nytte desse kulturminna til rast, overnatting, burdags-feiring og liknande. Ein føresetnad for at vi set dei i stand er at grunneigaren gjev løyve til offentleg tilgjenge/bruk i 20-30 år. I løa vert det montert infotavle om utløer generelt og om Vetlejordsløa spesielt. | Aktivitetsfremmande tiltak med overføringsverdi. Auke bruk blant ulike grupper i samfunnet. Lokalisert slik at mange kan nytte den. |
| 42 | Neptun Pensjonistklubb | Friluftsområde Selsøy, ein plass for rekreasjon og refleksjon | Austrheim | 143 000 | 35 000 | 0 | Dugnad Neptun Pensjonistlag kr 88.000 (350 x timepris kr 250) Tilskot Austrheim kommune kr 20.000 Tilskot lokalt friluftslivstitak: kr 35.000 | Selsøy er ei lita øy utan busetting i skjergarden i Austrheim, med mange krigsminner. Det er tilrettelagt rasteplass (må oppgraderast), enkelt toalett, kaianlegg med flytebrygge. Pensjonistklubben driftar og byggar anlegget på dugnad. Neptun vil rydde tuftene til husmannsplassen og lager tursti og rydder to badeviker på øya. | Tiltaket vert ikkje prioritert. Området ligg ikkje i nærmiljøet. |
| 43 | Nordsjøløypegruppa Ut mot havet | Toalettbygg ved Selstøbuene, Telavåg | Sund | 50 000 | 25 000 | 0 | Søknad HFK kr 25 000 Eigeninnsats kr 25 000 (tekning, bygging, frakt, planl.) SUM kr 50 000 | Ønskje om å byggje eit lite toalettbygg ved Selstøbuene. Selstøbuene og Selstøkverna var dei einaste bygga som stod att etter Telavågtragedien 1942. Kulurminnet er ein del av Nordsjøløypa. Det vert organisert turar med forteljing ved desse buene. Målgruppe er turgåarar, folk som vil overnatte, kajakkpadlarar osb. | Byggje toalettbygg. Vert ikkje prioritert. |
| 44 | Radøy kommune | Ut på tur i Radøy - turbrosjyre med ti turar | Radøy | 20 000 | 8 000 | 8 000 | Eigeninnsats 3000 Dugnad 4000 Radøy kommune 5000 Hordaland fylkeskommune 8000 | Tiltaket omhandlar utarbeiding av ei brosjyre med ti turar på Radøy. På kvar av turmåla vert det sett opp postar med kodeord, som ein skal skriva i brosjyra. Brosjyra vert distribuert ut i til alle husstandar i kommunen og gjort tilgjengeleg sentrale stader. Vaksne som går ti turar, og born som går minst åtte turar er med i trekninga av premiar. Postane vil henga ute frå 1. april til 15. okt. | Tiltaket inngår som nytt aktivitetsfremmande tiltak med overføringsverdi. Tiltaket fremmar og turgåing som er den mest brukte aktiviteten, og som folk ønkjer å drive meir med. |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 45 | Radøy kommune | Tursti i Bømarka med treningøvingar for heile kroppen | Radøy | 40 000 | 20 000 | 20 000 | Eigeninnsats (Radøy kommune) 3000 Eigne midlar 8000 Dugnad 9000 Hordaland fylkeskommune 20000 | Radøy kommune ønskjer å setja opp 10 skilt med varierte øvingar langs ein tursti, og nokre enkle apparat/hjelpemiddel til å gjennomføra øvingane. Turstien ligg ved idrettsanlegget til Hordabø idrettslag. Målgruppe er lokalbefolkninga og foreldre som ventar på born som trenar. | Tiltaket er nytt og aktivitetsfremmande i nærmiljøet med overføringsverdi. Samstundes ligg det til rette for å auke bruken blant mange ulike grupper i samfunnet. |
| 46 | Rosendalstiftinga | Steinparken; friluftsliv og naturkunnskap | Kvinnherad | 156 000 | 40 000 | 0 | Finansiering Dugnad Rosendalstiftinga og Steinparkens vener 102.000,- Søknad Tilskot til lokale friluftslivstiltak 40.000,- Andre søknadar 14.000,- Summert finansiering 156,000,- | Tiltaket omhandlar opprusting av Steinparken ved rydding, raking, toalettvask, maling, guiding juni-aug. I Steinparken lærer ein å kjenna att bergartar, landskap, plante-, og dyreartar. Bruken av Steinparken aukar, lokale skular og tilreisande klassar frå nabokommunar og -fylke brukar parken fordi parken har komprimert mykje naturkunnskap på eit avgrensa areal, som er lett tilgjengeleg. | Vurdert til drift av parken, ikkje søknadsberettiga i denna ordninga. |
| 47 | Ryvarden krets av Norges speiderforbund | Økt kapasitet på leirsted | Sveio | 30 000 | 12 500 | 0 | Hordaland fylkeskommune: 12 500 Dugnad: 5 000 Andre off.tilskudd: 12 500 | Lier Leirsted har utendørs overnattingsplassar og eit servicebygg med toalett. Kapasiteten på kloakkanlegget er så liten, at brukarane av området må betale store summar for ekstra renovasjon. Dette forhindrer økning i antallet friluftslivsaktivitetar. Ryvarden krets av Norges speiderforbund har kommet til enigheit med grunneigar om ein permanent løysing, men denna løsninga krev ein investering. | Tiltaket gjeld toalettbygg, og vert ikkje prioritert. |
| 48 | Samnanger kommune | Friluft for alle | Samnanger | 33 000 | 20 000 | 14 000 | Tilskot HFK kr 20 000 Eigendel Samnanger kommmune kr 13 000 | Samnanger kommune ynskjer å ta med nokre grupper som ikkje alltid kjem seg ut, ut i friluft. Det skal arrangerast ein dag for PU og psykisk helsevern med pårørande og ein dag for eldre. Planen er å ha begge dagane i Rolvsvågen friluftsområdet. Det er det området som er mest tilrettelagt. Det vert mat og aktivitetar. | Lågterskeltiltak for ei prioritert gruppe menneskjer som treng særskilt tilrettelegging, og som ikkje nyttar andre tiltak innan friluftsliv. Får støtte til pu og psykisk helsevern, ikkje til eldre. |
| 49 | Sisu 4H | Friluftsliv i nærmiljet | Hordaland | 15 750 | 12 150 | 8 000 | Støtte frå fylket: 12150kr Eigeninnsats rydding, 24timarx150: 3600kr | Tiltaket gjeld ein utstyrsbank til 4H klubben slik at dei kan gjennomføre friluftsopplevingar i nærmiljøet. Utstyret er vannkikkert, stormkjøkken, tarp, kompass, fiskehåver, øks, kniv og fiskeutstyr. Målgruppa er ungdom mellom 10 og 19 år. Utstyrsbanken vil bli brukt også av andre som td idrettslag og fau. | Tiltaket fremmar det enkle friluftslivet i nærmiljøet. Stor overføringsverdi. |
| 50 | Sportsklubben Djerv | Promenaden over de 7 broer | Bergen | 114 000 | 60 000 | 40 000 | Søkt tilskot, Hord.fylke kr 60.000 Eigeninnsats: kr 54.000 Dugnad v/planlegging, oppfølging kr 2.000 Djervhytten, gratis+renhold kr 6.000 Dialogkafe, gratis lokale+renhold kr 10.000 Gåver, foredrag/gjester kr 2.500 Subs. jule- og sommaravslutning kr 1.500 Dugnad, veiviser v/2 fjellturer kr 2.000 Dugnad, turleiar, promenade kr 30.000 | Promenaden er eit lågterskel mosjonstilbod med fleire element: Ein spasertur på gangvegar over 7 bruer frå Møhlenpris, gjennom Nygårdsparken og rundt Store Lungegårdsvann. Turen går 3 gonger i veka. Dialogkaféar med spel og enkel servering etter nokre av turane. Hytteturar med fysiske aktivitetar for innvandrare. Målgrupper: Barnefamilier, innvandrarkvinner, pensjonister. Alle kan delta. | Lågterskeltilbod med fokus på integrering, det sosiale aspektet ved nærfriluftsliv og rekruttering. |
| 51 | Sportsklubben Djerv | Tur og friluftsliv - Tematurer | Bergen | 84 000 | 50 000 | 40 000 | Turleiarar (eigendel/dugnad) 18.500,- Planlegging (dugnad) 1.500,- Kopiering av Informasjon materiell (dugnad) 1.000,- Leie, Djervhytten (egenandel/dugnad) 7.000,- Dugnad eigne midlar 6.000,- Tilskot (Hordaland Fylke) 50.000,- Totalt: 84.000,- | Djerv si tur- og friluftsgruppe ønskjer å arrangere turar som fremmar felles naturopplevingar. Tilboda er opne og gratis. Målgruppa er foreldre og barn i sentrum spesielt frå skulekretsen for Møhlenpris skole. Andelen innvandrarar på dei siste turane har vore ca 15-20%. Antall deltakarar pr. tur ca 40-60. Turgruppa ønskjer å gjennomføre ein hovudtur i månaden med ulike tema for å auke kunnskap om friluftsliv og naturområdene | Tiltaket vert vurdert til tilrettelegging for det enkle friluftsliv i nærmiljøet, med fokus på overføringsverdi for barnefamiliar. |
| 52 | Stord-Fitjar turlag | Opparbeiding av uteplass Lundastøl | Stord/Fitjar | 65 000 | 40 000 | 0 | Stønad Kr. 40000 Dugnad " 25000 | Stord-Fitjar Turlag har fått leiga Lundastøl mot å ta alt vedlikehald. Denne er tenkt brukt av Turlaget sjølv og til utleige. Lundastøl er og eit av dei mest nytta Friluftsområda i Stord både sommar og vinter. Turlaget har bygd ein Gapahuk i nærleiken som er mykje brukt. Dei ynskjer å opprusta uteområda ved Lundastøl. | Tiltaket retter seg ikkje i stor nok grad mot det lokale nærfriluftslivet. Lundastølen ligg 1 mil frå Leirvik, og 5 km frå E-39. |
| 53 | Stord-Fitjar turlag | Omlegging av sti i Fossabrekko, Stord | Stord | 95 000 | 25 000 | 0 | Eigendel dugnad kr 40 000 Eigenkapital kr 20 000 Tilskot,gåver kr 35 000 | Omlegging og steinsetting av stien til fjells i Fossabrekko. Gjere denne tryggare og sikrare for turfolket i Stordfjellet. Dette inneberer flytting av stien 200 m lengre mot nord og traversering av stien slik at den blir mindre bratt og bygging av bru til kryssing av elv. | Dette er strukturelt arbeid, og ikkje direkte retta mot nye aktivitetsfremmande tiltak. Tiltaket vert difor ikkje prioritert. |
| 54 | Sveio turlag | Rydde etter stormen Nina | Sveio | 70 000 | 35 000 | 0 | Støtte Hordaland Fylke: 35.000,- Egeninnsats: 30.000,- Egenkapital: 5.000,- | Auklandshamn, som vert mykje brukt, er ikkje framkommeleg grunna rotvelt etter stormen Nina. Vi ønskjer å rydde vekk alle rotveltane. Då ein stor del av arbeidet er svært risikofylt, kan dugnad / egeninnsats ikkje utførast før fagfolk har vore inne i området / utført arbeid. | Dette anses som drift av området. Tiltaket vert ikkje prioritert. |
| 55 | Søre Dåfjorden Hyttevelforening | Tursti Dyviksåto - Dåfjorden rundt | Bergen | 46 000 | 26 000 | 0 | Tilskot: kr 26.000 Dugnadsinnsats: kr.20.000 | Søknaden gjeld fullføring med å tilretteleggja samanhengjande 6 km tursti med klopper over dei våtaste partia over Såto og tilbake langs fjellet til Dåfjorden (Stord kommune. Tiltaket vil vera å merka, rydda og kloppleggja dei våtaste partia av turstien. Målet er at dette vil bli ein mykje nytta tursti for folk i alle aldrar. | Drift av turløype. Tiltaket vert ikkje prioritert |
| 56 | Topp Vel | Gangsti i Brakufsa, vegen til Trolltunga | Odda | 75 000 | 40 000 | 0 | Tilskott fra Mågelia Utv. AS kr.10.000 Tilskott fra Odda kommune " 10.000 Omsøkt tilskott fra HFK " 40.000 egeninnsats dugnad " 15.000 | Tiltaket omhandlar vedlikehald av gangstien i Brakufsa, som er ferdig bygga av Sherpaer og på dugnad med finansiell støtte og Ullensvang turlag har lagt ned mye dugnadsarbeid i stien som er viktig for mange i lokalsamfunnet. | Vedlikehald av tursti. Drift. |
| 57 | Unneland Grendalag | Åpning av strandsona i Haukelandsvattnet for ålmenta | Bergen | 34 375 | 137 500 | 0 | Unneland Grendalag - Epona Rideklubb kr 55 000 kr 68 750 Bergen Kommune kr 68 750 HFK kr 137 500 Private givere kr 68 750 Total kr 343 750 | Dette er ein søknad om tilskot til toppdekke på ein 1 400 meter lang turveg på Unneland, i Arna i Bergen Kommune. Vegen blei bygget vinteren 2013-14 med stor eigeninnsats. Formålet med vegen er å åpne opp strandsona for allmenheita som ellers er sterkt privatisert. | Tiltaket omhandlar drift av turveg. |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 58 | Vaksdal Idrettslag | Oppstart Turgruppe Vaksdal IL | Vaksdal | 23 537 | 15 000 | 0 | Bålpanne m/utstyr: 7625,- Stormkjøken x 4: 3596,- Kompass x 24: 3100,- Klippetenger: 750,- Posttriangel x 10: 1100,- Knivar x 24: 2376,- Fiskestenger x 10: 4990,- Søknad Hordaland fylkeskommune: 15000,- Søknad Vaksdal kommune: 5000,- Vaksdal IL: 3537,- | Etablering av ei turgruppe i Vaksdal Idrettslag. Gruppa har som mål å planlegge og leggje til rette for allsidig friluftsaktivitet for eit breitt publikum. Born og unge vil vere ei særskilt prioritert gruppe. Søkjer om tilskot til utstyrsbase. | Tiltaket er ikkje ope for alle og vert difor ikkje prioritert |
| 59 | Vaksdal kommune | Villmarksdagar på Småbrekke | Vaksdal | 30 000 | 15 000 | 10 000 | Dugnadsinnsats 10 000 Egne midler 5 000 | Aktivitetsdagar på Småbrekke villmarksleir i Bergsdalen. Søkjer støtte til 3 aktivitetsdagar, der borna/folk kjem på dagstur. Dei får vera med å trekkja garn, padla kano, ro båt, fjellklatring og fjelltur. fiska med stang og kasta not. Middagen vert steikt fisk. Tiltaket treng økonomisk stønad til buss opp til leiren, utan har ikkje skulane råd til å komma seg til leiren. | Tiltaket fremjerr det enkle og sosiale friluftsliv for barn og unge med stor overføringsverdi. |
| 60 | Vaksdal kommune | Friluftsdag på Stanghelle | Vaksdal | 17 000 | 7 000 | 0 | - Dugnadsinnsats 5 000 - Egne midler 5 000 Andre søknadar 7 000 | Det opnar eit nytt aktivitetssenter på Stanghelle med tilgang til gratis utlån av kajakkar. Tiltaket gjeld markering av dette med ein open dag i samarbeid med Stanghelle idrettslag. Det vert råd å få prøve kajakkar og det vert lagt opp til felles fotturar. Det vert grilling og bålkaffi. Retta mot barn, unge og barnefamilier. | Lågterskeltilbod som vil gjere mange nye friluftslivsaktiviteter mogleg i nærmiljøet til barn og ungdom over lang tid. Tiltaket vil kunne auke interessa og kunnskapen om bruk av friluftsliv som fritidsaktivitet. |
| 61 | Vaksdal kommune | Kulturminneløype på Stamnes | Vaksdal | 40 000 | 20 000 | 10 000 | Dugnad kr 20 000 Søknad om midlar 20 000 | Prosjektet er i regi av Stamnes skule og Vaksdal kommune. Det vert laga ei gangløype frå Stamneshella til Straume, ca 3 km. Det vert sett opp små tavler undervegs med info om kulturminna og naturminna undervegs. Det gjeld gamle åkerrydnignar, jettegryter, laksegiljer, bilvegen frå 1930, skikshellaren, sandfart, lanskapsmuseum m.m. | Tiltaket fremjer det enkle friluftsliv i nærmiljøet med kulturminner som ei kilde til auka opplevingsverdi på tur. Kulturminner er også høgt prioritert i FÅ15 |
| 62 | Vaksdal kommune | turhefte for militærvegen på Småbrekke | Vaksdal | 50 000 | 15 000 | 10 000 | Vaksdal kommune kr 20 000 Bergen Turlag kr 15 000 Søknad om midlar kr 15 000 | I 2000 laga Vaksdal kommune eit eige hefte for geologisk sti og militærvegen på Småbrekke. Heftet vart i A-5 med 24 sidar i fargar med geologisk kart, fiskekart og info om friluft og historie. Folk kunne ta med seg frå ei postkasse i starten av stien. Heftet er no brukt opp og det er kome ei ny turhytte i området. Vaksdal kommune ønskjer å lage nytt turhefte. | Ikkje vurdert som tilrettelegging for det enkle friluftsliv i nærmiljøet. Tiltaket vert difor ikkje prioritert. |
| 63 | Vaksdal Vel | Vaksdal Aktivitetspark | Vaksdal | 50 000 | 40 000 | 20 000 | Tilskot: 40 000,- Eigeninnsats: 10 000,- | Vaksdal Aktivitetspark ligg sentralt i bygda i eit barnerikt område med svært avgrensa aktivitetstilbod frå før. Parken er delvis rusta opp takka vera stor dugnadsinnsats og tilskot frå frivillige organisasjonar. Det vert søkt midlar til apparat for motorikk og balanse, for å utvide aktivitetstilbodet for ei breiare brukargruppe. | Tiltaket fremjer det enkle friluftsliv i nærmiljøet. |
| 64 | Vinnes Bygdeutval | Utvida tursti | Fusa | 80 000 | 40 000 | | Midlar fylkeskommunen 2015: 40 000 Tildelte midlar 2014 : 40 000 | Prosjekt del 2 er utviding av turstien, der det tidligare har vore ein gamal ferdselsveg. Opprusting av del 1 har gitt barn, vaksne og eldre tilgang til ei god og tørr turløype i sitt nærmiljø. Den er flittig brukt, og bidrar til auka fysisk aktivitet. Ved å utvide til å gjelde større delar av bygda, blir prosjektet endeleg fullført til glede for bygde-og hyttefolk på Vinnes. | Tiltaket blir vurdert til å ikkje omhandle nye aktivitetsfremmande tiltak med overføringsverdi til andre i stor nok grad samenlikna med andre søknadar |
| 65 | Voss kommune | Friområde med badeplass Evanger | Voss | 80 000 | 40 000 | 0 | Voss kommune Kr. 40 000 Hordaland Fylkeskommune kr. 40 000 | Det er ein rasteplass i Holemarka ved stamveg E16 langs Evangervatnet. På rasteplassen er det toalett, parkeringsplass og det er sett ut benkar og bord. Under rasteplassen, i vest, er det ei mindre, og godt skjema vik med langgrunt vatn. Denne vil vera godt eigna som eit badeområde / friområde som ei utviding av rasteplassen. | Liten overføringsverdi. Tiltaket vert ikkje prioritert. |
| 66 | Askøy Kommune | Askøy på langs xtreme - | Askøy | 518 625 | 138 625 | 0 | Påmeldingsavgift/Egenandel kr 350.pr pers. Sponsorinntekter kr 30.000,- | Askøy Turlag, Askøy O-lag og Ask Friidrett skal arrangere Askøy-på-langs Extreme. Turen er 40 km i variert terreng. Håpar dette kan bli starten på ein årleg folkevandring. | Tiltaket får tilskot i ordninga Tilskot til friluftsføremål post 78. |
| 67 | Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) | Kajakkpakker - Stanghelle brygge, Vaksdal | Vaksdal | 107 400 | 40 000 | 0 | Egenandel 67400 Tilskudd fra HFK 40000 | Innkjøp av kajakkpakkar som vil bli plassert i et stativ (låst) ved flytebrygga - tilrettelagt av BOF for å sette ut kajakker. Målgruppe er allmennheten. Utlevering av nøklar er planlagt gjennomført av Vaksdal Idrettslag. | Tiltaket får tilskot i ordninga Tilskot til friluftsføremål post 78. |
| 68 | Friluftsrådet Vest | Distribusjon Folkehelse- og Friluftsbrosjyrer Sunnhordland | Sunnhordaland | 110 000 | 30 000 | 0 | Egen- og dugnadsinnsats 30000 Andre off tilskudd 50000 Omsøkt tilskudd HFK 30000 | I forbindelse med friluftslivets år ønsker Friluftsrådet Vest å distribuere hovedbrosjyre i Sunnhordland saman med Kvinnherad turlags turbrosjyre og info om folkehelsetilbud i Sunnhordland. Målgruppa er befolkninga i regionen, familier og ungdom | Tiltaket får tilsagn frå ordninga Tilskot til friluftslivsføremål, post 78. |
| 69 | Friluftsrådet Vest | Utviding av lokale friluftsutstyrsbanker | Sunnhordaland | 120 000 | 40 000 | 0 | Tilskudd MD Hordaland 50000 Annen finansiering 30000 Tilskudd HFK 40000 | Friluftsrådet har skaffa alle 12 medlemskommunar transportabel friluftsutstyrsbase. Friluftsrådet Vest ønskjer å oppgradere dei eldste friluftsbasene, som har mangelfull og utdatert utrusting, samt utvide tilbodet med bl.a fleire lavvuer og telt i kvar pakke. Dei ønskjer også å kjøpe inn ei terrengvogn for rullestolbrukarar. | Tiltaket får tilsagn frå ordninga Tilskot til friluftslivsføremål, post 78. |
| 70 | Kvinnherad kommune og Kvinnherad turlag | Distruibusjon av informasjon om Friluftslivets år til innbyggjarane i Kvinnherad kommune | Kvinnherad | 254 500 | 40 000 | 0 | Kvinnherad turlag 55 000,- Kvinnherad kommune/Friluftsrådet vest 159 500 Tilskot til lokale friluftstiltak 40 000 | Friluftsrådet Vest, Kvinnherad turlag og Kvinnherad kommune ynskjer i samband med Friluftslivets år å distrubera informasjontoø til alle husstander i kommune om høve for å driva friluftsliv i Kvinnherad kommune. | Tiltaket får tilskot i ordninga Tilskot til friluftsføremål post 78. |
| 71 | Stord Rotaryklubb | Turskilt Landåsen | Stord | 94 244 | 27 575 | 0 | Tilskot 27575,- Rabattar/gåver 1420,- Dugnad 65499,- | I Friluftslivets år 2015 ynskjer Stord Rotaryklubb å få fleire ut på tur ved å setja opp 33 naturstiplakatar og infotavle om plante og dyreriket i det mest brukte turområdet. Her kan over 11000 personar koma til utan bruk av bil. | Tiltaket får tilskot i ordninga Tilskot til friluftsføremål post 78. |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 72 | Vaksdal kommune | Kajakkpakke Stanghelle | Vaksdal | 230 000 | 50 000 | 0 | Bof kr 30 000 Vaksdal kommune 40 000 Spelemidlar 110 000 Andre søknadar 50 000 | Det er under arbeid eit padlesenter på Stanghelle der ein skal kjøpa inn ein kajakkpakke med 6 båtar og eit låsbart stativ til oppbevaring. Folk kan her låna kajakkar gratis. Det vert også laga ei bryggje for å komma ut med kajakkane.Det vert laga parkering og nedkomst til bryggja Prosjektet er i samarbeid med Bergen og Omland friluftsråd, Vaksdal kommune og Stanghelle idretslag. | Tiltaket får tilskot i ordninga Tilskot til friluftsføremål post 78. |
| 73 | Austrheim kommune | Friluftslivets år 2015 i Austrheim | Austrheim | 117 000 | 40 000 | 0 | Dugnad lag/org 300 x 200 kr 60 000 Tilskot HFK 40 000 Eigenkapital Austrheim kommune (løn og tilskot) 17 000 | Austrheim kommune har saman med andre laga eit program til friluftslivets år. Søknaden går på tilrettelegging av aktivitets-tilbodet, då særleg for å kjøpe inn utstyr til kurs i jakt, padlekurs, Sykkeltur gjennom Austrheim del I og II, familiedagar i Årvika og Øksneset og utbering av turløypa til Mongstadnuten. | Tiltaket får tilskot i ordninga Fysisk aktivitet og idrett for barn og unge. |
| 74 | Bydelsbloggen | Få folk ut på vatnet! | Stord | 210 000 | 100 000 | 0 | Søknadssum 100 000 Dugnadsinnsats utlånsordning 50 000 Eigne midlar:Har skaffa private sponsorar til rastebenkar i friluftsområda i bydelen. 60 000 | Søkar ønskjer å vidareutvikla ein permanent utlånsbase med kanoar og anna utstyr ved Storavatnet på Litlabø til gratis bruk for alle. Utlånsordninga vert utført på dugnad. | Tiltaket får tilskot i tilskotsordninga fysisk aktivitet og idrett for barn og unge. |
| 75 | Os Orienteringsklubb | Skule- , Tur- og orienteringskart i Os. | Os | 127 300 | 40 000 | 0 | 1. Programvare kjøpes, tas fra medlemskontingent inntil eventuelle tilskudd foreligger. 2. Resterende er en betydelig egeninnsats som klubbens medlemmer står for. | Kart er o-løparen sitt idrettsannlegg. Os orienteringsklubb vil lage mange tur- og orienteringskart. To av skulekarta er nyleg ferdigstilt. Klubben er også ferdig med nye skogskart for til saman 7 kvadrat kilometer og har laga eit heilt nytt kart over Osøyro. | Har fått tilskot frå Fysisk aktivitet og idrettT for barn og unge. Tiltaket kan søkje om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemidlar) |
| | | | | | | | | | |
| | | | | 4 570 044 | 2 429 620 | 720 000 | | | |

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Arkivnr: 2015/59-146

Saksbehandlar: Hanne Espe

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kultur- og ressursutvalet | | 20.08.2015 |

# Klage på avslag på søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak

## Samandrag

Klagen er førebudd av kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2.ledd.

Gategym fekk avslag på sin søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak som vart handsama i KURE 16. april 2015. Det vert søkt om hovudsakleg kurs, reise og leige av instruktørar og lokale. Søkjar fekk avslag som vart grunngjeve med at tiltaket er organisert under eit AS, og såleis ikkje søknadsretta.

Søkjar har sendt inn rettidig klage og den kan realitetshandsamast. Det vert i klagen vist til at Gategym, som er oppført som søkjar, er ein frivillig registrert organisasjon. Dei ønskjer at søknaden vert revurdert og at søknadssummen på kr 30.000 vert tilkjent tiltaket.

Fylkesrådmannen ønskjer å oppretthalde avslaget pga at koplinga er for tett mellom Folkelig AS og prosjektorganisasjonen Gategym. Folkelig er eit AS (sjå Folkelig i Brønnøysundregisteret) oppretta med ønskje om å jobbe med folkehelse. *Gategym (sjå Gategym i Brønnøysundregisteret)* ligg under Folkelig og er registrert i Brønnøysund som frivillig verksemd. Dei to initiativtakarane sit også i begge styra. I tillegg ser ikkje fylkesrådmannen at tiltaket dekkjer formålet med tilskotordninga tilstrekkeleg då det vert teke deltakaravgift på kr. 40,- per gong.

Formålet med ordninga er sikring av grunnlaget for allemannsretten og som tilrettelegging for det enkle friluftslivet. Tilskotsordninga skal vere med på å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa. I retningslinene heiter det m.a. at dei som kan søkje er følgjande: frivillige lag, organisasjonar, kommunar, grendalag, velforeininger. Det vert ikkje gjeve tilskot til fortenestebaserte verksemder.

**Forslag til vedtak**

Vedtaket frå KURE 16.4.2015 vert oppretthaldt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

**Fylkesrådmannen, 02.07.2015**

Gategym fekk avslag på sin søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak som vart handsama i KURE 16. april 2015. Det vert søkt om hovudsakleg kurs, reise og leige av instruktørar og lokale. Søkjar fekk avslag som vart grunngjeve med at tiltaket er organisert under eit AS, og såleis ikkje søknadsretta.
Folkelig er eit AS (sjå Folkelig i Brønnøysundregisteret) oppretta med ønskje om å jobbe med folkehelse. *Gategym* *(sjå Gategym i Brønnøysundregisteret)* og *Smaksverkstedet* ligg under Folkelig og er registrert i Brønnøysund som frivillig verksemd. Dei to initiativtakarane sit også i begge styra.

Fylkesrådmannen ønskjer å oppretthalde avslaget.
Formålet med ordninga er sikring av grunnlaget for allemannsretten og som tilrettelegging for det enkle friluftslivet. Tilskotsordninga skal vere med på å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa.

**Om ordninga**

Desse kan søkje;
Frivillige lag, organisasjonar, kommunar, grendalag, velforeininger. Det vert ikkje gjeve tilskot til fortenestebaserte verksemder.

Formålet med ordninga;
Tilskot til prosjekt frå denne tilskotsordninga skal gå til lokale friluftslivstiltak som sikrar grunnlaget for allemannsretten og som legg til rette for det enkle friluftslivet. Tilskotsordninga skal vere med på å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa.

Dette kan støttast;
Søknader om midlar til nye aktivitetsfremmande tiltak med overføringsverdi til andre vert prioritert. Midlane kan nyttast til t.d. utandørs treningsapparat og felles utstyrsbankar. Tiltak som kan støttast gjennom andre tilskotsordningar vert ikkje prioritert. Tiltak som har fått tilskot i tre år vert rekna som driftstilskot, og vert ikkje prioritert.

**Ny vurdering**

Prosjektet er å skape eit tilbod om trening i nærmiljøet. Deltakarane kan kjøpe klippekort for å delta. Aktiviteten skjer utandørs og med enkle hjelpemiddel. Det vert søkt om tilskot til kurs, reise, instruktørar og leige av lokale til kurs.

Det er tett kopling mellom Folkelig AS og prosjektorganisasjonen Gategym. Initiativtakarane innehar hovudverva i begge styra, og på nettsida folkelig.no vert Gategym presentert som eit prosjekt som Folkelig driv.

I tillegg ser ikkje fylkesrådmannen at tiltaket dekkjer formålet med tilskotordninga tilstrekkeleg då det vert teke deltakaravgift på kr. 40,- per gong.

Innan søknadsfristen 15. februar kom det 75 søknader med ein samla søknadssum på kr 2 975 820. Til fordeling hadde Kultur- og ressursutvalet kr 720.000,-.